

Langtidsplan for økonomi og administrasjon

Vedteke 2.12.2022

Visjon:

**Nynorsk for hovud og
hjarte til heile landet**

Hovudmål frå strategien:

Institusjonen vurderer følgjene for økonomi, personell, klima/miljø og universell utforming i alle saker

Suksesskriterium frå strategien:

Tal: Del av Administrativ handbok som er revidert for å ta omsyn til klima/miljø, universell utforming og personell..

Tal: Eigenkapital i prosent av årlege driftskostnader

Handling: Alle styresaker vurderer konsekvensar for økonomi, klima/miljø, universell utforming og personell.

Verdiar:

**Samlande
Kreativ
Påliteleg**

Samfunnsoppdrag:

**Me aukar kunnskapen
og medvitet om nynorsk
skriftkultur**

A Gjennomgang av prioriterte mål

Mål og suksesskriterium i strategi

Relevante mål og suksesskriterium står på framsida av dette dokumentet. Her er dei presisert og konkretisert som grunnlag for vidare oppfølging i denne strategien. Ein del mål og suksesskriterium er dekkja av fleire planar og strategiar.

Mål og suksesskriterium i strategi	Institusjonen vurderer følgjene for økonomi, personell, klima/miljø og universell utforming i alle saker	Del av Administrativ handbok som er revidert for å ta omsyn til klima/miljø, universell utforming og personell..
Presisering og konkretisering	Her trengst rutine for å sikre at det formelt vert gjort. Ofte vert dette gjort frå før.	Det er byrja eit arbeid med oppdatering av administrativ handbok, men det er behov for høgare prioritering for å ferdigstille dette.
Prioritert tiltak	Ny mal for planlegging/ godkjenning/ vurdering av prosjekt.	Ny rutinemal. Årleg prioritert liste for oppdatering av rutinar.

Mål og suksesskriterium i strategi	Eigenkapital i prosent av årlege driftskostnader	Alle styresaker vurderer konsekvensar for økonomi, klima/miljø, universell utforming og personell.
Presisering og konkretisering	Gjennomgang av økonomisk sikkerheit med vekt på eigenkapital i samband med budsjettet.	Dette krev ein mal der det vert tydeleg at dette vert vurdert.
Prioritert tiltak	NK skal ha ein eigenkapital på minst 15 prosent av årlege driftskostnader.	Ny styrepapirmal.

Eksterne krav og signal

Denne gjennomgangen er for å sikre at andre krav og signal enn dei prioriterte mål og suksesskriteria blir følgd opp.

Eksterne krav og signal	ICOMs museumsetiske retningslinjer
Krav	ICOMs museumsetiske regelverk har eigne krav til styret, sponsering og samarbeidspartnarar
Peikar til relevante dokument	http://norskicom.no/wp-content/uploads/2015/08/Retningslinjer-2022.pdf
Prioritert tiltak	Retningslinjer for vurdering av tilskot og sponserat blir vedteke i styret.

Berekraftig drift av organisasjonen

Denne vurderinga vert gjort for å følgje opp det strategiske målet om å vurdere konsekvensar for klima/miljø, universell utforming, personell og økonomi i alle saker.

Berekraftig drift av organisasjonen	Klima og miljø	Universell utforming	Tid, kompetanse og arbeid	Økonomi
Utfordring	Innkjøp er det området der me har mest å gå på med tanke på rutinar for klima og miljø.	Det manglar noko systematikk i arbeidet med å sikre universell utforming, men temaet er oppe i mange samanhengar.	Festivalarbeidet fører med seg ein del sjukmelding, overtid og andre stressfaktorar som går utover høgare prioriterte oppgåver.	Me er heilt avhengig av politisk fleirtal for økonomisk støtte til verksemda.
Prioritert tiltak	Ny innkjøpsstrategi	Moglege omsyn for å sikre universell utforming vert vurdert ved alle innkjøp og investeringar.	Vurdere festivalverktøy og innleige av reisebyrå	Følgje opp tilskotsbrev fra dei offentlege faste tilskotsgivarane.

B Status og tiltak for fagområde

B-1 Inntekter

Faste offentlege tilskot

Tilskotsgivar	Ordning	Øyremerking	Beløp 2021	Avtale/ tradisjon om justering
Kultur- og likestillings-departementet	1-årig søknad	Generelt	22 965 000	Justerast noko

Kulturrådet	1-årig søknad	Poesifestivalen Litteraturdagane	80 000 150 000	Førast vidare på kronebeløp
Møre og Romsdal	3-årig søknad	Festspela	150 000	Førast vidare på kronebeløp
Vestland	1-årig søknad	Generelt Poesifestivalen	1 112 045 81 000	Førast vidare på kronebeløp
Telemark	1-årig søknad Fast tilskot	Generelt Litteraturdagane	821 600 50 000	Førast vidare på kronebeløp
Ørsta	1-årig søknad	Festspela	75 000	Førast vidare på kronebeløp
Volda	1-årig søknad	Festspela	75 000	Førast vidare på kronebeløp
Ulvik	Avtale museum Avtale festival	Generelt Poesifestivalen	1 150 000 400 000	Førast vidare på kronebeløp
Vinje	Avtale	Generelt Litteraturdagane	1 232 400 100 000	Justerast etter deflasjon

Faste tilskot	2018	2019	2020	2021	2022
KUD	19 473 000	20 500 000	22 450 000	22 965 000	23 425 000
Kulturrådet	0	150 000	150 000	230 000	230 000
Fylke	1 312 000	1 294 000	2 214 600	2 214 600	2 230 403
Kommunar	2 776 100	2 864 050	3 058 000	2 932 000	3 065 710
Tilskotsvekst		5,3	12,4	0,9	3,0
Justert tilskotsvekst		<u>2,9</u>	4,8	<u>0,9</u>	<u>3,0</u>
Løns- og prisvekst (deflator)		3,2	1,0	3,0	2,5

Prosjekt, g ver og sponsorar

	2019	2020	2021	2022
Offentlege tilskot				
Kulturr�det		1 010 000	350 000	
Nasjonalbiblioteket, bok�ret	700 000			
Fylke	200 000	600 000	450 000	350 000
Kommunar			335 000	210 000

Private tilskot

Avtalar per i dag

Div sparebankar	kr 300 000 per �r
Hauge-stipendet	kr 300 000 annakvart �r

Andre g ver/ private tilskot

	2019	2020	2021	2022
Sparebankar	400 000	50 000	140 000	
Andre stiftingar	400 000	325 000	400 000	350 000

Billetter, butikk, kafé og utleige

	2019			2020			2021		
	Ørsta	Ulvik	Vinje	Ørsta	Ulvik	Vinje	Ørsta	Ulvik	Vinje
Butikk og kafé	1481	197	27	752	160	40	685	249	131
Nettbutikk	143			207			270		
Festivalar og arrangement	621	99	231	119	23	90	152	311	268
Billettinntekter	126	53	19	126	85	11	88	100	34
Anna sal	4			10	13	0	121	0	3
SUM	2375	349	277	1214	281	141	1316	660	436

Kafeen i Aasentunet har frå og med januar 2021 lagt om drifta, og redusert kostnadene betydeleg. Det har også gitt lågare omsetning, men om lag same driftsmargin. Dagens modell har lågare risiko enn før.

	Faste offentlege tilskot	Statstilskot	Fylkeskommunar	Kommunar
Mål	Kjernerdrifta skal vere finansiert av faste offentlege tilskot	Tilskotet skal over tid auke meir enn løns- og prisvekst	Fylkeskommunane gir til saman like mykje i fast tilskot som kommunane.	Fast avtale med kommunane om tilskot til formidlingstilboda
Status	Dei fleste strategiske måla kan nåast med faste tilskot, men ein del av det nasjonale turné-arbeidet er sikra med prosjektilskot.	Auke på 2 prosent frå 2021 til 2022. Det er under løns- og prisvekst.	I 2022: Fylka 2,3 mill. Kommunane 3,4 mill.	Ulvik: Avtale Vinje: Avtale Ørsta: Ikkje Volda: Ikkje
Utfordring	Auka satsing på forskning og samling krev meir bruk av tid og pengar frå dei faste tilskotsmidlane. Største delen av turnéverksemda, som er høgt prioritert, er sikra med prosjektmidlar.	Trongare offentlege budsjett.	Telemark (T) ligg under om lag 400 000 kr under planlagt driftstilskot. Møre og Romsdal (MR) gir ikkje fast tilskot, men prosjektmiddel til festival og turnear. Vestland (V) gir berre ca. 80 000 kr til Poesifestivalen.	Vinje-avtalen inkluderer ikkje formidling på Midtbø. Ulvik-avtalen blir ikkje justert med løns- og prisvekst. Ørsta og Volda har ikkje avtalar, og tilskota er låge.
Prioriterte tiltak	Synleggjere korleis NK når politiske mål gjennom søknadene til offentlege styresmakter.	Søke auka støtte frå KUD til formidling i randsonene og til infrastruktur for forskning og samling. Tett dialog med stortingspartia.	Fast avtale om tilskot til samla drift frå MR Sikre same tilskot som frå Vinje, frå T Søkje auka tilskot til Poesifestivalen frå V	Fast avtale om tilskot til samla drift frå Ø og V Vinje gir særleg tilskot for formidling ved Midtbø Beløpet frå Ulvik vert justert opp ved fornying av avtale

	Offentlege prosjektilskot	Private gaver og prosjekt
Mål	DKS-inntektene skal vere på minst 1 000 000/ året	Faste avtalar på minst 600 000 kr
Status	2022: 1 374 000 kr.	Faste avtalar 400 000
Utfordring	Det er ujamne inntekter.	Det er ikkje faste avtalar for stiftinga som heilskap eller for Vinjesenteret.

Prioriterte tiltak	Betre nettverket og kontakt med dei i fylkeskommunane som kjøper inn DKS-produksjonar.	Fast avtale privat givar Vinjesenteret Fast avtale privat givar stiftinga
--------------------	--	--

	Billetter, butikk, kafé og utleige	Billetter	Butikk, kafé og utleige
Mål	Salsinntektene skal minst utgjere same del av inntektene som i 2022	Sikre samla billettinntekter på minst 1 250 000 kr/ årleg.	1 750 000 kr
Status	10 prosent (budsjett 2022)	1 800 000 (budsjett 2022). Høgt budsjett	1 550 000 (budsjett 2022) NK har prioritert kostnadssparing slik at reelle inntekter har vorte høgare enn tidlegare.
Utfordring	Aktiviteten er i større grad enn tidlegare konsentrert om forskning og samling, som ikkje fører til auka salsinntekter.	Lågare aktivitet i oddetalsår (ikkje Poesifestivalen). Større konkurranse (og samarbeid) med bibliotek som har fri inngang.	Tilbodet i butikk/ kafé skal nå målgruppene. Aasentunet skal vere attraktiv arena for utleige.
Prioriterte tiltak	Sjå dei to neste punkta.	Gå gjennom prissetjing ved festivalane og arrangement. Peike ut prioriterte arrangement/ sesongar (utstilling) som skal auke eigeninnteninga kvart år, og prioritere desse for marknadsføring og liknande. Auke nettverket med gruppereiser for musea.	Utarbeide standardiserte pakkar for utleige av Aasentunet. Årleg gå gjennom varetilbod for å redusere varelager og prioritere bestseljarar høgare.

B-2 Kostnader

Effektiviserings-, tids- og kostnadssparing

NK arbeider kontinuerleg med effektivisering og kostnadssparing, og rapporterer til Kultur- og likestillingsdepartementet om dette kvart år.

Løn og pensjon

Prosentvis del av kostnadene som går til løn, pensjon og sosiale kostnader siste 3 år:

2019: 57 %

2020: 54 %

2021: 52 %

Investeringsbehov

Investeringsbehov per 1.9.22

- Sykkelparkering og ladestasjon Aasentunet (ukjent beløp)
- Flaggstenger Vinje (40 000)
- Robotklippar Aasentunet (50 000)
- Ventilasjonsanlegg Aasentunet (magasin og utstilling) (1 250 000)
- Støydemping kafé Aasentunet (100 000)
- Ny basisutstilling Aasentunet (2028) inkl. nytt lysanlegg (1 000 000 for lys)

	Effektivisering, tid og kostnad	Løn og pensjon	Investeringsbehov
Mål	Gå gjennom store innkjøp og system	Maks. 60 prosent av kostnadene skal gå til løns- og pensjonskostnader	Sikre at drift og egedomar er godt forvalta for framtida.
Status	Gjennomført nye anbud og nye tilbud på rekneskap og reinhald.	2021: 52 prosent	Med eit bygg som har vorte 20 år gammalt er det større investeringsbehov framover.
Utfordring	Treng nytt arkivsystem og vurderer kjøp av nye tenester IT/ web.	Lønsveksten er høgare enn tilskots- og inntektsveksten.	Med eit bygg som har vorte 20 år gammalt er det større investeringsbehov framover.
Prioriterte tiltak	Vurdere nye tenester for IT/web	Planlegge bemanning etter den økonomiske situasjonen i kvart budsjett	Oppdatere investeringsplan kvart år i samband med budsjettarbeidet.

B-3 Likviditet og egenkapital

	Likviditet	Eigenkapital
Mål	Ha likviditet til å følgje opp pliktane våre. Likviditetsgrad på 200 % Likviditetsgrad = Omløpsmidlar / Kortsiktig gjeld, fråtrekt periodiserte tilskot.	15 % av driftskostnader
Status	God, likviditetsgrad på 236 % per 1.1.22	26 % per 1.1.22
Utfordring	Dette krev økonomisk kontroll over tid.	Dette krev økonomisk kontroll over tid.
Prioriterte tiltak	Utarbeide årleg likviditetsbudsjett, og oppdatere det kvar månad	Følgje opp målet i årlege budsjett.

C Tiltaksliste basert på måla

Årlege tiltak

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir prioritert først når ein skal prioritere mellom tiltaka.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Faste tilskot	Søke auka støtte frå KUD til formidling i randsonene og til infrastruktur for forskning og samling.	Direktør
2	Rutinar	Utarbeide årleg prioritert liste for oppdatering av rutinar i Administrativ handbok med fordeling av ansvar og fristar.	Økonomi og administrasjon
3	Faste tilskot	Synleggjere korleis NK når politiske mål gjennom søknadene til offentlege styresmakter.	Direktør
4	Faste tilskot	Følgje opp tilskotsbrev fra dei offentlege faste tilskotsgevarane.	Direktør
5	Budsjett	NK skal ha ein egenkapital på minst 15 prosent av årlege driftskostnader.	Administrasjonssjef
6	Budsjett	Utarbeide årleg likviditetsbudsjett, og oppdatere det kvar månad	Økonomi og administrasjon
7	Budsjett	Planlegge bemanning etter den økonomiske situasjonen i kvart budsjett	Administrasjonssjef
8	Faste tilskot	Ha jamn og fast dialog med stortingspartia om arbeidet vårt	Direktør
9	Rutinar	Moglege omsyn for å sikre universell utforming vert vurdert ved alle innkjøp og investeringar.	Administrasjonssjef
10	Budsjett	Oppdatere investeringsplan kvart år i samband med budsjettarbeidet.	Administrasjonssjef
11	Faste tilskot	Sikre oppfølging av faste avtalar med kommunane	Administrasjonssjef
12	Rutinar	Årleg gå gjennom varetilbod for å redusere varelager og prioritere bestseljarar høgare.	Kommunikasjon og digital formidling

Tiltak gjennom perioden

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir gjort tidleg i perioden, og dei siste vert gjort ved tid og høve seinare i perioden.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Rutine	Ny rutinemal.	Administrasjonssjef
2	Rutine	Ny styrepapirmal.	Direktør

3	System	Kjøpe inn og setje i drift nytt arkivsystem	Administrasjonssjef
4	Rutine	Fastsetje ny innkjøpsstrategi	Administrasjonssjef
5	Rutine	Retningslinjer for vurdering av tilskot og sponsorat blir vedteke i styret.	Direktør
6	Rutine	Utarbeide standardiserte pakkar for utleige av Aasentunet.	Arena Aasentunet
7	Rutine	Vurdere festivalverktøy og innleige av reisebyrå	Administrasjonssjef
8	Tilskot	Auke tilskotet frå Telemark fylke til same nivå som Vinje kommune	Arena Vinjesenteret
9	Tilskot	Auke tilskotet frå Vinje kommune for å sikre drift av Midtbø	Arena Vinjesenteret
10	Tilskot	Fast avtale om tilskot til samla drift frå Møre og Romsdal, Ørsta og Volda	Direktør
11	Tilskot	Auke tilskotet til Poesifestivalen frå fylkeskommunen	Arena Haugesenteret
12	Tilskot	Beløpet frå Ulvik vert justert opp ved fornying av avtale	Arena Haugesenteret
13	Tilskot	Få fast avtale med privat givar til tilbod ved Vinjesenteret eller Litteraturdagane	Arena Vinjesenteret
14	Tilskot	Få fast avtale med privat givar om tilbodet til stiftinga nasjonalt	Direktør
15	System	Vurdere ny leverandør IT-system og nettsider	Administrasjonssjef
16	Rutine	Utarbeide rutine for vurdering av prosjektsøknader ut frå strategiar og overordna mål, inkludert ny mal for godkjenning/ vurdering av prosjekt	Direktør
17	Nettverk	Betre nettverket og kontakt med dei i fylkeskommunane som kjøper inn DKS-produksjonar.	Formidling